

## **Saksprotokoll i Klagenemnda - 01.04.2014**

### **Forslag til vedtak**

1. Klagenemnda avslår klagen frå Tor Erik Hellesund om endra bruk av avkjørsle, ved hp 50 km 1,036, frå Rossnesvegen 101 til Fv 409 på gnr. 22 bnr. 9 i Rødøy kommune. Klagenemnda tilrår Tor Erik Hellesund til permanent å knyte seg på naboveg som har godkjent avkjørsle til Fv 409 ved hp 50 km 1,037.
2. Klagenemnda pålegg Tor Erik Hellesund å stenge den gamle avkjørsla frå Rossnesvegen 101 ved hp 50 km 1,036 til Fv 409 av omsyn til trafikktryggleiken sjølv om det ligg føre skjøte på parkeringsplass på nordaustsida av huset.

**Cathrine Elisabeth Schelderup (H)** sette fram forslag om at pkt. 2 i fylkesrådmannen sitt forslag vert teke ut.

Fylkesrådmannen sitt forslag til pkt. 1 vart samrøystes vedteke.

Cathrine Elisabeth Schelderup sitt forslag til pkt. 2 vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak**

1. Klagenemnda avslår klagen frå Tor Erik Hellesund om endra bruk av avkjørsle, ved hp 50 km 1,036, frå Rossnesvegen 101 til Fv 409 på gnr. 22 bnr. 9 i Rødøy kommune. Klagenemnda tilrår Tor Erik Hellesund til permanent å knyte seg på naboveg som har godkjent avkjørsle til Fv 409 ved hp 50 km 1,037.